

Søndag er det klart for det 34. Kvinnheradløpet.

02.10.2015



Kjell Harald og Malin Håvik Tungesvik saman med familie i Kvinnheradsløpet eit tidlegare år,

**Det første Kvinnheradløpet vart skipa til i 1982 med 196 deltagarar. Sidan den gong har løpet kvart einaste år vore skipa til første søndagen i oktober. Løypa er no blitt 5,8 kilometer lang. Start og mål er som før ved Rosendal stadion, men ein går ikkje opp Svartedalen og til Skeie, men løypa går i fint terrengr i Rosendalsområdet.**

Ut på tur – i vakker natur – Føremålet med Kvinnheradløpet har i alle år vore å få folk flest, uansett form og alder, ut på tur i vakker natur, seier, Morten Nygård i arrangørgruppa.

Fokuset har vore sett på dei gåande, dei som nyt turen utan tidsaking og som gjerne stoppar opp i løypa for å prata med kjende og ukjende. Men det er sjølv sagt òg ein konkurranseklasse med tidsaking for dei som vil konkurrera med seg sjølve eller naboen, seier Nygård.

I fjor var det totalt 49 deltagarar i konkurransklassane. I herreklassen vann Erlend Nymark Jensen føre Ronny Nordal, medan Veslemøy Haugland var kjappast i dameklassen.

Kvinnheradløpet høver for alle uansett form og alder, og det er ingen problem med å ta seg fram med barnevogn. Deltakarane får gratis drikke når dei kjem i mål, og alle som fullfører er med i trekkinga av gåvekort.

Rosendal Turnlag og Kvinnheringen er arrangørar av Kvinnheradløpet.

Tekst og foto: Tomas Bruvik  
Nett: Thor Inge Døssland